



REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSUTVALET VED TU SKULE

Stad: Møterom 2, Tu skule

Tid: Måndag 23.03.26 kl. 15.00-16.00


Deltakarar:

- Vibeke Sola, rektor
- Vilde Bilstad, politisk representant
- Vilja Fuglestad, elevrepresentant
- Helle Sandanger, elevrepresentant
- Olav Risa, foreldrerepresentant
- Mari Søyland, foreldrerepresentant
- Lene Hauge Klepp, tilsett
- Hilde Johanne Bjørnevik Ueland, tilsett
- Anita Holen, tilsette

19/2025-2026 FAU

Informasjon frå FAU. Kva har vore i fokus sidan sist møte?

- Føredrag med Pål Roland i Storstova. Fokus på den autoritative vaksenrolla. Dette var eit samarbeid mellom Tu skule, Tjøttaparken barnehage, Vardheia ungdomsskule og frivillige lag og foreininga i krinsen.
- Vurderer noko liknande neste vår. Partnerskap mot mobbing blir med på neste FAU-møte.
- Laga gledingsbingo til alle føresette med lenker til podcast og filmar om vaksenrolla. Vil laga noko tilsvarande til våren.
- Har laga anbefalinger om mobilbruk og digital kvardag (ligg på heimesida).
- Har laga kontrakt mellom Kåsen IL og FAU for leige av Kåsenhallen til 17.mai.
- Alle nye verv til neste år er på plass.
- Fau og Tu skule har sendt inn svar på høyring i samband med den nye brannstasjonen.



Med blick for alle



20/2025-2026 Elevråd

Inkluderingsplakaten: På Barn og Unges kommunemøte i haust fekk alle elevråda i Klepp i oppdrag å laga ein inkluderingsplakat, Her skulle me ha med eit slagord, eit mål og nokre tiltak.

Me har jobba med denne plakaten på forskjellige måtar:


- Først var styret samla på BUK-møtte og alle fekk koma med forslag til slagord, mål og tiltak.
- Så hadde me det oppe på elevrådsmøtet og blei einige om kva som skulle stå på plakaten vår.
 - o Målet er at alle skal føle seg sett og inkludert.
 - o Slagordet er: «Kom, bli med»
 - o Og tiltaka er:
 - Sei hei
 - Smil
 - Inkluder andre
 - Bry deg!
 - Vis respekt!
- Før gledingsveka hadde me ein teiknekonkurranse der alle på skulen kunne senda inn ein teikning. Tema var «Gleding», men sa og at me såg etter teikningar som kunne illustrere «Inkluderingsplakaten» vår.
 - Som ei ramme rundt har me håndavtrykk av fleire elevar på skulen + alle i elevrådet. Me hadde eigentleg lyst å ha handtrykket til alle elevane på skulen, men såg at det ikkje blei plass til alle. Me tenker likevel at det er fint med store og små hender i lag, som viser at me vil halda saman og inkludera alle.
- Me skal presentere plakaten for alle elevane på skulen på fellessamlinga vår i april, og henge den opp på ein godt synleg plass på skulen.
- På fellessamlinga skal elevrådet ha eit skodespel der slagordet og nokre av tiltaka er med.

Bollebaking

Elevrådet bakte boller til heile skulen og delte ut i Gledingsveka.

Bordtennisturnering:

Me har hatt bordtennisturnering i friminutta i to veker nå, og har kåra ein vinnar på kvart trinn + ein vinnar frå 2.-4.trinn og ein frå 5.-7.trinn. Det var ein frå elevrådet + ein elev til som var dommarar i alle friminutt.



Med blikk for alle



Fellessamling:

Elevrådet skal ha fellessamling 23.april, og har begynt å øva på den. Me skal ha eit skodespel som heiter «Vennemagi» der heile elevrådet er med i ulike roller.

21/2025-2026 SFO

Anita fortel om siste nytt frå SFO:

Alle elevane på 0.trinn har søkt om SFO. Det kjem born som treng ekstra oppfølging. Dette vil krevja ressursar og me må tilsetje ein eller to medarbeidarar til. Arbeider for å ha eit godt tilbod til borna og eit godt arbeidsmiljø. Skal ha planleggingsdag med fokus på inkludering. Har elles akkurat oppretta ei turgruppe.

Mykje ungar, litt mindre personal- det merkes, men det går greitt. Jobbar med måltidsrutinar, matro og bordskikk. To lærlingar i haust, har hatt prosjekt "Matjungelen", laga mat med smågrupper. To guttar frå Bryne vgs, har eit opplegg i Kåsen-hallen kvar tysdag. Fungerer veldig greit, mange som vil vere med.


"Tid for lesing i sfo" - ferdig temabasert opplegg.

Nettopp hatt ei kartlegging av arbeidsmiljøet på sfo, for å sjå kva dei kan bli betre på og jobbe litt ekstra med, både blant personalet og i elevgruppa. Skal jobbe med rutinar.

22/2025-2026 Politisk

Vilde legg fram frå Hovudutval for barn og unge.

- Skulemat
 - Testprosjekt ved Kleppe og Bore over fleire år. Det er vedtatt at tilsvarende ordning ikkje vidareførast. Vedtatt tilleggspunkt kor skulane vert oppmoda til å fortsetja arbeidet for at alle elever skal få i seg et næringsrikt måltid i løpet av skuledagen.
- Lesing og bibliotek
 - Orienteringssak i førre hovudutvalsmøte om korleis biblioteket jobbar for å auke leseferdigheter gjennom leselyst og leseglede. Her er det også bedt om politisk sak med fokus på skulebiblioteka si rolle, samt ein analyse av status i Jærskulen og Kleppskulen.
- Organisering av ungdomsklubb
 - Ungdomskulturtilbodet Axis skal få nytt namn og bli kalla for ungdomsklubb/fritidsklubb. Tidigare er det tenesteområde Samfunn og kultur som har hatt ansvar for Axis, men nå skal dette overførast til tenesteområde Barn og unge. I høve til utvikling av tilbodet, då mtp aldersgrupper,





opningstider og aktivitetstilbud, skal det leggest til rette for medverknad og innspel frå ungdom busett i Klepp Kommune. Det skal gjennomførast ei evaluering av tilbodet etter 2 års drift.

- Skulebruksplan
 - Det har blitt bedt om at kommuneadministrasjonen tek kontakt med Time Kommune for å sjå på moglegheiter for felles ungdomsskule i området Orstad/Frøyland.
- Forskrift om skulerute
 - Gjennomført høyringsrunde
 - Vedtatt følgande:
 - Fyrste skuledag 2026: onsdag 19.august
 - Fyrste skuledag 2027: onsdag 18.august

23/2025-2026 Informasjon om praksisskule og vidareutdanning


Rektor fortel om søkjeopprosess, ny ordning og resultat:

Tidlegare var det eigen ordning for lærarar innan vidareutdanning (kompetanse for kvalitet). No er ordninga endra til å gjelda alle i PPT, skule, barnehage og Klepp tverrfaglege team. Det var ni tilsette i heile kommunen som fekk tilslag på vidareutdanning. Frå Tu skule var det fire søkjarar, og to av desse fekk godkjend sin søknad. Dei to har søkt om utdanning for å vera praksislærar. Den tredje søkjaren som søkte om praksislærar, vil skulen dekkja. Søknad om bibliotekutdanning vart ikkje godkjend i denne omgang. Grunna dårlege leseresultat i kommunen, hadde me håpa på godkjenning av bibliotekutdanninga, men me har sjølvstøtt forståing for at det er mange søkjarar.

24/2025-2026 Kvalitetsmelding

Gjennomgang av hovudkonklusjonane i kvalitetsmeldinga:

- *Skulen er ikkje nøgd med resultat på nasjonale prøvar.* Det er gjort mange tiltak på individnivå (vidare kartlegging og tiltak). På systemnivå har me jobba med leksepraksis på alle trinn, oppfølging av lekser, lesekvart, bibliotekstimen og intensiv opplæring. Det er kjøpt fleire bøker til biblioteket på engelsk. I tillegg er det kjøpt matematikkverk til mellomtrinnet.
- *Skulen er nøgd med resultat på elevundersøkinga på 7. trinn, men ikkje på 6. trinn.* Lærelyst og motivasjon er for svak på 6. trinn. Tiltak som er gjennomført: tilsetjing av ny lærar, fast vikar, individuelle samtalar, ekstra foreldremøte.
- *Skulen er nøgd med tverrfagleg samarbeid:* Samarbeid med PPT og helsesjukepleiar er særskilt bra. Dei deltek i ressursteam og kjenner skulen godt.
- *Skulen er godt nøgd med:* FAU, elevråd, SU og partnerskapet.



Med blikk for alle



- *Skulen er godt nøgd med:* Rutinar kring Kleppmodellen (oppfølging av elevsaker i ressursteam, trinnsamtalar, samarbeid med eksterne).
- *Utfordring:* I sær s vanskelege saker kor alle instansar hjelper til, elevar treng mykje hjelp og åtferd går utover det psykososiale læringsmiljøet til elevar og arbeidsmiljøet til vaksne er krevjande.

26/2025-2026 Jæren friluftsråd

Mogleg samarbeid med friluftsrådet. Kva tenkjer SU?

Jæren friluftsråd tilbyr både kompetanse, hjelp og materiell til uteskule. Det er tilsett lærar som skal følgja opp skular. Me må setja av ressursar til at to tilsette deltek på kurs og lærar vidare opp dei andre tilsette. Prosjektet går over to år. Me vil i tilfelle også få eit kart over heile området som viser eigna arena for uteskuleaktivitetar. Dette er ei motvekt til det digitale, fokus på friluft, praktisk læring og variert læring. Rektor og utviklingsgruppa er positiv. SU er positive og støttar samarbeidet. Tu skule har ikkje det mest utfordrande /inspirerande uteområde så dette kan vere svært positivt. 1.trinn gjer mykje fagleg når dei har uteskule. Ein stiller spørsmål om det er noko negativt med dette? Må finne tid til det, skaffe vikar når lærarane er på kurs og krev litt organisering.

27/2025-2026 Folkehelsemidle

Skulen har fått tilslag på søknad om folkehelsemidle til trygge møteplassar. SU får informasjon om satsinga og kan koma med innspel til gjennomføring:

Vibeke fortalde om søknaden som tok omsyn til dårlege leseresultat i kommunen og fokus på inkludering i krinsen. Tanken er at gratisbutikken-konseptet vert utvida til å gjelda aktivitetar på biblioteket og sunn kveldsmat til fram møtte. Skulen har fått 30.000 kr. Det er ønskeleg at partnerskap mot mobbing deltek på arrangementa eller andre føresette som kan hjelpa til med servering eller liknande. SU er positive.


Eventuelt

Ta gjerne kontakt før møtet viss du har saker til eventuelt.

- Siri Endresen (ny skulesjef) har no starta.
- Skuleruta er vedtatt for dei to komande åra. Dei ligg på heimesida til skulen.
- Alle einingar i kommunen vert kartlagt i høve til arbeid kring inkludering (samarbeid med læringsmiljøsentret i Stavanger).

Skulemat på Tu:


Tidlegare forsøk med mat i skulen: avslutta i 2017, og bestemt at ikkje skulle vidareførast, pga støy, organisering, økonomi. 7.trinn har varm mat eller graut annankvar torsdag, laga av SFO-kokken. Elles på trinna: fokus på gode måltid, samtaler og ro i





KLEPP KOMMUNE

klasserommet. Spørsmål om skulefrukt: dette har Tu hatt tidlegare, men avslutta pga. mykje svinn.



Med blick for alle